


# Til deg

Som ynskjer å  
vite meir om  
dagsenteret i  
Elvevegen



# Hei!

Dette er eit hefte for deg som ynskjer informasjon om dagsenteret i Elvevegen

Dagsenteret er eit aktivitetstilbod du må søkje på. Du kan ta kontakt med Forvaltningskontoret, dei kan vegleie deg i søknadsprosessen.

Kontaktinformasjon finn du på siste side i heftet

# PRAKTISK INFORMASJON

Dagsenteret i Elvevegen er eit aktivitetstilbod for personar med utviklingshemming.

Me heldt til i Elvevegen nr 5 og har opent alle ordinære vekedagar (måndag-fredag). Me har stengt på heilagdagar.

Opningstida vår er 8.30 – 14.45

- Pris: 173\* pr dag
- Pris med biltransport: 203\* pr dag

Mat og aktiviteter er inkludert i prisen.

Me serverer frukost, mellommåltid og middag i opningstida.

\*Dersom me reiser på lengre utflukter og har utgifter i forbindelse med inngangsbilletter eller liknande, må du betale for dette. Du kan velje å ikkje delta aktivitetar som kostar ekstra. Du får informasjon i forkant om pris.



# KVA SKJER PÅ DAGSENTERET?

Me har mange ulike aktivitetar i løpet av ein dag.

Aktivitetstilbodet er tilpassa interessene til brukarane. Me legg opp til eit variert tilbod av aktivitetarar i fellesskap, men det er også rom for å trekkje seg tilbake for eigenaktivitet.

## Døme på aktivetar kan vere:

- Handarbeid og hobby-aktivetar
- Hagestell/kjøkkenhage
- Felles måltid
- Tur i nærområdet
- Tilpassa trim/trening
- ADL-funksjonar
- Velvære som manikyr/pedikyr (personleg velværeutstyr må ein halde sjølv)
- Ulike spel
- Musikk og song
- Kurs og læring

## Sanserom

Me har eit eige sanserom på Dagsenteret.

Her har me vann- og musikk seng, med lys og lydstimulering.

Her kan du finne ro og bruke sansane dine.

# KORLEIS BLIR DU KJENT MED OSS OG ME KJENT MED DEG?

Dersom du får innvilga vedtak om dagsenter i Elvevegen, inviterer me inn til eit «Bli-kjent-møte». I møtet undersøkjer me kva interesser du har og kva aktivitetar du likar. Me legg ein plan for oppstart saman med deg og dine pårørande/verge.



# KVEN ER ME SOM ARBEIDER HER?



*Frå venstre på bilete:*

- Joni Soltvedt - barne- og ungdomsarbeidar
- Jannicke Skage - aktivitør
- Trude Faugstad - aktivitør
- Hege Bjørkheim - barne- og ungdomsarbeidar

*Avdelingsleiar og fagansvarleg:*

- Maren Thorkildsen – vernepleiar

## KVA KAN DU FORVENTE AV OSS SOM ARBEIDER PÅ DAGSENTERET?

- Me møter deg med respekt og har dine ynskjer og behov i fokus.
- Me har teieplikt. Det vil sei at me ikkje fortel andre om deg og ditt behov.
- Dersom du bur i Elvevegen, får du mat levert heim til deg dei dagane du ikkje kan eller ynskjer å stille på dagsenter

## KVA FORVENTAR ME AV DEG SOM BRUKAR AV DAGSENTERET?

- At du gjev beskjed dersom du ikkje kan møte ein dag.
- At du gjev oss tilbakemelding om behov og ynskjer, anten sjølv eller ved hjelp av pårørande/verge.
- At du viser hensyn til dei andre brukarane på dagsenteret
- At du har innesko som du kan bruke på dagsenteret
- At du tek med deg gode ytterklede dei dagane me skal ut på tur

# VEDTAK

Du søker om dagsenter anten munnleg eller skriftleg på eige søknadsskjema. Skjema finn du på kommunen si heimeside eller ved å ta kontakt med innbyggjer-service på Heradshuset.

Søknaden kan du sende til:

*Forvaltningskontoret i Vaksdal kommune*

*Konsul Jebsensgt 16*

*5722 Dalekvam*

# KONTAKTINFORMASJON

For spørsmål om tenesta, vedtak, klage eller ny søknad:

Innbyggjarservice: telefon 56594400

**Forvaltningskontoret:**

- Ann Marit Mehus Lie: 48880319

E-post: [forvaltning@vaksdal.kommune.no](mailto:forvaltning@vaksdal.kommune.no)



**Postadresse:**

Forvaltningskontoret i Vaksdal kommune

Konsul Jepsensgt. 16

5722 Dalekvam

**For å kontakte dagsenteret direkte:**

E-post:

[Post.aktiviteten@vaksdal.kommune.no](mailto:Post.aktiviteten@vaksdal.kommune.no)

Tlf: 40801706

Avdelingsleiar i Elvevegen

- Maren Thorkildsen: 95987676